

Fra: Petter Lem Gullestad (Petter.Lem.Gullestad@vlfk.no)

Sendt: 27.01.2021 14:13:25

Til: Malene Utkilen; Hjalmar Olseth

Kopi:

Emne: Sak 2020/35639 - dispensasjon frå byggegrense - ber om uttale frå underinstans

Vedlegg:

I oversendingsnotat datert 27.10.2020 frå underinstansen, heiter det på side 3 om planstatus:

«Kommuneplanen sin arealdel, 2019 – 2030 Kvam herad, har føresegn om byggegrenser mot veg. Føresegn 1.6.3 stadfestar følgjande:

- a. Byggegrense mot fylkesveg 7, fylkesveg 49 og fylkesveg 48 er 50 meter, unntak er kor kommuneplan eller reguleringsplan viser anna byggegrense. For øvrige fylkesvegar gjeld ei byggegrense på 30 meter.
- b. Den til ein kvar tid gjeldande rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser for riks- og fylkesvegar skal leggjast til grunn ved handsaming av søknad om dispensasjon frå den byggegrensa som føl av bokstav a).

Eigedommen ligg i noverande fritidsbebyggelse med plankrav i kommunedelplanen for Kvamskogen. Det er ikkje byggegrenser langs fylkesvegen i kommunedelplanen. Gnr 19 bnr. 349 er ikkje regulert.»

Av Statens vegvesen si vegleiing om behandling av søknader om dispensasjon frå byggegrenser mot veg, heiter det:

«Hvis byggegrensen er fastsatt i bestemmelser til kommuneplanens arealdel eller i en reguleringsplan for området, er det kommunen som bygningsmyndighet som behandler søknaden uavhengig om det er riksvei, fylkesvei eller kommunal vei.»

(<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggegrenser/hvem-behandler-soknaden>)

Politisk sekretariat ber underinstansen gjere nærare greie for heimelsgrunnlaget for rette vedtaksmynde i føreliggjande sak. Politisk sekretariat ber om slik uttale **innan utløpet av fredag 29. januar**. Politisk sekretariat ber om at underinstansen sender kopi av si uttale til klager Svein Arne Trengereid.

Med helsing

Petter Lem Gullestad
spesialrådgjevar

politisk sekretariat
organisasjons- og økonomiavdelinga



tlf.: 92 61 94 34
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.